



Korkje direktør Arild Arnardo eller dyra og artistane hans blir å sjå i 17. mai-toget over Dønhaug dette året. Men det blir likevel PR for Uskedalen i samband med sirkusbesøket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cirkus Arnardo kjem snart til Uskedalen og Rabben Camping slik sirkuset har gjort i enten 24 eller 25 år. Det har med andre ord vore eit spesielt tilhøve mellom Uskedalen og Norges eldste sirkus i nesten halvparten av den tida det har eksistert. No er det inne i sin 59. sesong og fjerde generasjon er i aksjon i manesjen.

Dette året kjem Arnardo riktignok ikkje hit 17. mai og det blir altså ikkje elefantar å sjå i toget slik det var i fjor. Likevel har sirkuset ein godbit for uskedalingane å by på: Eit TV-team frå NRK følger sirkuset så å seia landet rundt dette året og har plukka ut Uskedalen som ein av stoppestadene etter anbefaling frå sjefen sjøl. Det kan altså bli ekstra-PR for Uskedalen ut av sirkusbesøket også dette året.

Etter kva uskedalen.no har grunn til å tru, vil NRK gjera eit spesielt poeng av det gode tilhøvet mellom Arnardo og Uskedalen og då også mellom Rabben-vert Steinar Myklebust og sirkusdirektør Arne Arnardo. Dei har mellom anna interessa for trearbeid felles!

Kanskje vil vi også få servert den gode historia om tilhøvet mellom handelsmann Harald Nilsen og Arne Arnardo. Det er ei sann historie frå Bergen der ein gjeng tjuagutter (og mellom dei var Harald) fekk "Gamle-Arnardo" til å skriva autografen sin. Det var berre ein hake ved det: Guttane skreiv "gratis adgang" under signaturen og slapp på den måten inn på sirkuset. Som kompensasjon for "svindelen" serverte Harald Arnardo ein godbit på Rabben mange år etterpå. Og Arnardo mora seg kongeleg over historia.

Arnardo kjem dette året til Uskedalen 9. mai. Det blir ein kviledag for sirkuset, men det vil ha forestilling dagen etter, altså 10. mai.

Då bør bygda pynta seg litt ekstra!

Av Ola Matti Mathisen



Elefantar over Dønhaug – eit høgdepunkt i 17.maifeiringa i fjor! Magne Huglen går foran. (Foto: Ola Matti Mathisen)